

UKM Hordaland 2017

Info til lokalarrangørane i Hordaland



UKM

UKM.NO/HORDALAND



1. Kort om arbeidet mot UKM-festivalen i Hordaland 2017

1.1 Dato og stad i 2017

UKM-festivalen i Hordaland 2017 vert arrangert 28.-30.april på USF Verftet. Framsyningane vert arrangert laurdag 29. og sundag 30. april, og kunstutstillinga vert opna laurdagen i Visningsrommet. Framsyning av film vert presentert i Cinemateket sundag 30.april.

1.2 Scene-workshop fredag 28.april

Det har tidlegare vore kommunisert at ljodprøver / scenetekniske prøver skulle vere fredag 28.april. Av omsyn til erfaringar frå 2016, og tilbakemeldingar i etterkant, vert dette erstatta med ein skreddarsydd workshop for scenedeltakarane fredag 28.april. Tidene vil verte tilpassa slik at deltakarar ikkje går glipp av skuletid. Workshopansvarleg vil m.a. snakka om kva scenedeltakarane bør gjera for å førebu seg best mogleg på opp-treden, kva deltakarane bør melda i frå om til m.a. teknikkarar, og korleis ein blir trygg på ei scene.

1.3 UKM Kick-off

Det vert arrangert eit kick-off på USF for å samle deltakerane fredag kveld. Ungdomsgruppa som planlegg UKM-festivalen i Hordaland, saman med fylkeskontakt og produsent, legg til grunn kva innhald kick-off skal ha og generelt korleis UKM-festivalen i Hordaland skal vere for å gi best mogleg oppleving for deltakerane.

1.4 Prinsipp for deltaking og reiseleiarar

Det er eit føremon at deltakerane er tilstade under UKM-festivalen i Hordaland frå fredag kveld til siste fram-syning sundag. Meir informasjon om dette står under pkt. 2.

Hordaland Fylkeskommune set som føresetnad at kvar kommune sender med *minst* ein vaksen leiar per ti-ande deltakar på dagtid. Hordaland Fylkeskommune tek ansvar for at det er vaksne tilstade frå Hordaland Røde Kors for deltakarane på kveld og natt (kl.20:00 – 10:00). Meir informasjon om dette står under pkt. 5.7.1.

1.5 Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank

Hordaland Fylkeskommune har fått ei gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som skal gå til arbeidet med UKM i Hordaland. Gåva er på storleik 500 000 kroner, fordelt likt over åra 2016 og 2017. Sparebankstiftelsen SR-Bank ein mild gåvegivar utan gjenytelse og denne gåva gir Hordaland fylkeskommune høve til å styrke sat-singa kring UKM Hordaland og UKM-festivalen i Hordaland med fleire workshops og fleire sosiale aktivitetar på kveldstid, i tillegg til å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband framfor playback under UKM-festivalen i Hordaland.

1.6 AKKS Bergen produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. AKKS Bergen har gjennom fleire år markert seg som ein svært kompetent arrangør med ungdom som målgruppe. Organisasjonen har brei og unik kompetanse knytt til arrangørfeltet, samt rekruttering og synleggjering av unge som har ei interesse for kultur. Saman med ungdommar bidreg AKKS Bergen til å styrke arrangørkompetansen i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale med AKKS Bergen om arbeidet med UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017. Som produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017 vil AKKS Bergen få høve til å aktivt bidra til ung kultur på ein ny måte. For gjennomføringa av UKM-festivalen for desse to åra, og arbeidet med nytenking og vidareutvikling, ser Hordaland fylkeskom-mune det som eit trygt val at AKKS Bergen står som produsent for festivalen. AKKS Bergen samarbeider med fylkeskontakten om UKM Hordaland i åra 2016 og 2017.

1.7 Kommunepakkar – ny praksis i arrangørsystemet!

Kvar kommune må *sjølv gå inn* i arrangørsystemet og velje kva utstyr o.a. ein ønskjer til sitt UKM-arbeid. Meir info om dette finn de i referatet frå nettverkssamlinga hausten 2016 der m.a. Inger Lise (UKM Norge) sin pre-sentasjon med forklaringar ligg ved. Hordaland fylkeskommune betalar grunnkostnaden for desse materialpak-kene (1000 kroner) til UKM Norge.

Konsentrert festivalinformasjon (Skriv ut og heng opp ©)

UKM-festivalen i Hordaland starter fredag 28.april, og slutter søndag 30.april.

Kvotar og vidaresending

Kvar kommune kan sende maksimalt 25 deltakerar til UKM-festivalen i Hordaland. I tabellen kan de sjå kor mange deltakerar de maksimalt kan sende innan kvar type.

Pkt.	Type	Tal	Vidaresendingsform	Dokumentasjon i arrangørsystemet
5.1	Sceneinnslag	4 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto + evt. playback
5.1.1	Litteratur	2 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto + evt. playback
5.2	Film	1 stk, 2 stk. hvis < 6 min totalt	Vanleg måte i arrangørsystemet	Originalfil
5.3	Kunst (utstilling)	5 kunstverk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto av kunstnar Foto av kunstverk
5.4	Konferansier	2 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto
5.5.1	Unge arrangørar	5	Vanleg måte i arrangørsystemet	Kompetanseskjema
5.5.2	UKM Media	5	Vanleg måte i arrangørsystemet	Kompetanseskjema

Fristar

Vidaresending av deltakerar gjennom arrangørsystemet:	3.mars
Registrering av reiseleiarar gjennom arrangørsystemet:	3.mars
Innlevering av kunst til fylkeskontakt:	10.mars
Innlevering av samtykkeerklæring frå kommunane	10.mars

For å vere best mogleg førebudd i forkant av UKM-festivalen i Hordaland er det **svært viktig** at desse fristane vert halde ved lag.

Kostnadar

Deltakaravgift er **700 kroner**. Deltakaravgifta inkluderer overnatting fredag til søndag, matsservering, billetter til framsyningar, konsertar og kunstutstilling, samt gratis tilgjenge til workshops og andre arrangement.

Stad for overnatting 28.-30.april vert i Haugeveien 28 (Bergen Tekniske Fagskole sine lokalar). Hordaland Fylkeskommune tek ansvar for at det er vaksne tilstade frå Hordaland Røde Kors for deltakane på kveld og natt (kl.20:00 – 10:00). Frukost og kveldsmat vert servert her. Andre måltid vert servert på USF Verftet. Workshops vert og arrangert på USF Verftet.

Kvar kommune må sende med minimum 1 vaksen leiar per tiande deltakar på dagtid. Dersom kommunen har over 20 deltakerar skal det derfor vere minst 3 leiarar. Det er ikkje reiseleiaravgift for kommunane når det gjeld kostnadar til reiseleiarane. Både lokalarrangørar og reiseleiarar får matsservering og billetter til alle fram-syningane og kunstutstillinga.

2. Prinsipp for deltaking

Hordaland Fylkeskommune og UKM Norge vil gjerne understreke at det å bli sendt vidare til UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden i Bergen. UKM skal vektleggjast som ei møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar og overnatting utgjer ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som representerar si kommune fortener å få oppleve denne heilskapen, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som likar det same som ein sjølv og fått nye vener.

Dette betyr at lokalarrangør må leggje til rette for at deltakarane reiser saman som ei gruppe og at kommunane er på plass i Bergen til rett tid. Tidspunkt for innsjekk i Haugeveien 28 er fredag er mellom kl 17:00 og 19:00. Dei som skal delta på scene-workshop fredag vil få beskjed om kva tid dei har blitt tildelt. Tidene vert satt opp kommunevis. Seinare oppmøte er mogleg for dei som har lengre reise. Dersom ein deltakar ønskjer å prioritere noko anna framfor UKM-festivalen i Hordaland, og dermed ikkje kan delta meir eller mindre frå start til slutt, så bør vedkommande kanskje erstattast med andre frå "reservelista". Vi rår til at ein ikkje annonserer på lokalarrangørstringa kven som skal representere kommunen på UKM-festivalen i Hordaland, men ta kontakt med dei aktuelle deltakarane etter lokalarrangørstringa for å høyre om dei har lyst å bli med. Når ein veit dette kan kommunen annonsere kven som skal representere kommunen på nettsida. Dette vil gi deltakerane høve til å avgjere sjølv om dei vil delta eller ikkje, i tillegg til å redusere konkurranseaspektet.

Det er sjølvsagt ein del gode grunnar til eit forkorta opphald på UKM-festivalen i Hordaland som t.d. eksamen, sjukdom, planlagde utanlandsopphald, osv., men det er viktig at lokalarrangørane generelt sett er på linje med oss i denne saka og generelt ikkje legg til rette for at deltakarar kan komme og gå som dei vil.

3. Vidaresending

Frist for vidaresending er 3.mars 2017

Alle deltakarar som skal vidaresendast til UKM-festivalen i Hordaland må registrerast via det nettbaserte arrangørssystemet (<http://ukm.no/wp-login.php>). Lokalarrangørane er ansvarleg for å gjennomføre grundig kontroll, korrektur og ajourføring av samtlege opplysningar før alle innslag vert sendt vidare. Vær spesielt nøye med tekniske krav og spesifikasjonar, utfyllande konferansieropplysningar og at alle namn er korrekt skreve. Husk at mange av opplysningane kjem på trykk i programmet!

3.1 Dokumentasjon i arrangørssystemet

Vi ber om at det vert lasta opp video av alle filminnslag som vert vidaresendt, og at det vert lasta opp bilete av alle kunstverk som vert vidaresendt. (Vi anbefala at de dokumenterer alle innslag og kunstverk på kommunemønstringa). I tillegg ber vi om at det vert lasta opp eit bilde av kvar einskild kunstnar, samt av alle sceneinnslag for presentasjon i programmet.

3.2 Husband

Vi har tidlegare opplevd under fylkesmønstringa at mange deltakarar står aleine med playback, og vi hadde i fjor eit ønskje om å styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. Under festivalen i 2016 hadde vi eit profesjonelt husband bestående av fire musikarar som spelte på scena med utøvarane. Tilbakemeldingar frå deltakarane på dette var svært gode. Denne oppgåva vert difor vidareført til å også gjelde for festivalen i 2017. Når dette er klårt i byrjinga av 2017, vil vi annonsere kven husbandet i 2017 vil bestå av.

Kva betyr husbandet for dykk som lokalarrangør?

Det er viktig at aktuelle deltakerar vert gjort kjent med dette tilbodet allereie på lokalmønstringa, og vi ber om at de informerer om denne moglegheita til dykkar deltakerar. Denne moglegheita vil vere open både for dei som spelar i eit mindre band, og dei som opptre åleine på scena. **I skjema for vidareending i det nettbaserte arrangørsystemet er det viktig at lokalarrangør skriv inn namn på dei som ønskjer å nytte seg av denne moglegheita.** Arbeidet vidare med dette, fram til UKM-festivalen i Hordaland, tek fylkeskontakt, produsent og kapellmeister (leiar av husbandet) seg av. Deltakerane vil m.a. bli bedt om å sende frå seg notar/besifring/filer/lenkjer som gjeld deira innslag og som husbandet skal jobbe med. Deltakerane vil få høve til å bli godt kjent med husbandet og øve med dei i forkant av 28.april. Det vert og lagt til rette for dette i dagane under UKM-festivalen i Hordaland 28.-30.april.

4. Aldersgrense

Aldersgrensa på UKM-festivalen i Hordaland er 13 til 20 år. Dette vil seie at ein deltakar kan delta på festivalen frå det året ein fyller 13 til det året ein fyller 20. For grupper gjeld regelen om at minst halvparten av deltakarane skal være innanfor desse rammene.

5. Kvoter og rammer

5.1 Sceneinnslag

Alle scenedeltakarane får ei framsyning i Røkeriet, USF.

5.1.1 Litteratur og teater – særleg kvote

På UKM-festivalen i Hordaland vil eventuelle litteraturinnslag om mogleg bli presentert på fleire måtar, både frå scene og som ei del av utstillinga. Vi ønskjer å stimulere til meir litteratur og teater i UKM, og det vil også være aktuelt å vidaresende deltakerar utanfor den ordinære kvoten. Ta kontakt dersom din kommune har gode litteratur- og/eller teaterinnslag å sende vidare.

5.2 Film

Alle filmane vert vist fram i Cinemateket på USF.

Maksimal lengde på ein film er **5 minutt**. Hovudregel er at kvar kommune kan sende 1 film. **Unntak:** Det er høve for å vidaresende 2 filmar dersom desse til saman ikkje overstiger 6 minutt. Minimum éin deltakar skal følgje kvar film og være tilstade på UKM-festivalen i Hordaland.

Alle filmar som går vidare skal lastas opp i vidareendingssystemet i høgast mogleg kvalitet (og aller helst HD). Vi ønskjer at de nyttar MPEG4-filer, gjerne H.264-komprimert, men alle filer av typen MOV, MPEG og AVI er godkjente mottaksformater. Ved andre format må dette ha godkjenning frå fylkeskontakt. Vi ber om at **alle undersøker med deltakarane** at dei har levert den beste kvaliteten tilgjengelig, for å sikre at videoen vert vist på ein verdig måte på UKM-festivalen i Hordaland.

5.3 Utstilling og innsending av kunst

Kommunane kan sende **maksimum 5 verk** til utstillinga. (Som eitt verk godtas også mindre grupper av bileter som har vore presentert som ein heilskap på kommunemønstringa). Minimum éin deltakar skal følgje kvart verk og vere tilstade på UKM-festivalen i Hordaland.

Kunstverka skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kunst og kulturformidling v/Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen. Dei kan og leverast personleg til Fylkeshuset i Bergen til fylkeskontakt Marianne Ose Askvik sitt kontor i 7.etg (Adr: Agnes Mowinckels gate 5). **Det er viktig at kunst vert levert innan fristen.** Ein kurator har ansvar for å kuratere utstillinga og gjennomføringa av dette arbeidet vert utført fredag 28.april. Kunstverk som ikkje vert sendt inn innan fristen, risikerer å ikkje verte hengt opp som ein del av kunstutstillinga.

Kommunane skal utpeike **1 ansvarleg leiar** for utstillarane (dette kan vere lokalarrangøren eller ein reiseleiar). Denne personen får høve til å dobbeltsjekke at all info om kunstnar og kunstverk på utstillinga frå sin kommune er korrekt, og har ansvar for at all kunsten vert pakka ned og sendt heim sundag ettermiddag/kveld.

5.4 Konferansierar

Av omsyn til konferansierane og andre deltakerar ber vi om at de legg lista høgt for kven de vel å sende vidare som konferansier til UKM-festivalen i Hordaland. Kvar kommune kan vidareseende inntil 2 deltakarar i denne kategorien.

5.5 Unge arrangørar og UKM Media

5.5.1 Unge arrangørar (UA) og UA-workshop

Unge Arrangørar består både av dei som er påmeldt som arrangørar, og sceneteknikarar i påmeldingssytemet.

UA-workshop vert arrangert 18.-19.mars 2017 og denne vil vere **obligatorisk** for å kunne delta som UA under UKM-festivalen i Hordaland 2017. Mat og overnatting er inkludert. Alle UA-deltakarane vert og invitert til sosialt treff fredag 17.mars. Dette vil ikkje vere obligatorisk, men dei som vil vere med på dette får inkludert mat og overnatting frå fredag til laurdag.

5.5.2 UKM Media

Nettredaksjon, web-tv og Ung PR er samla under det nye omgrepet UKM Media under UKM-festivalen i Hordaland, der også fleire deltakargrupper vert invitert til å bidra. Litteratur- og fotodeltakarane får tilbod om å bidra til høvesvis tekst-gruppa og fotogruppa i UKM Media.

5.7 Total kommunekvote

Kvar kommune har ein kvote på **25 deltakerar og 3 reiseleiarar (dagtid)**.

5.7.1 Reiseleiarar

Kvar kommune skal sende **minimum 1 vaksen reiseleiar per tiande deltakar** som skal vere tilstade for deltakarane på dagtid. Dersom kommunen har med seg meir enn 20 deltakerar skal det dermed vere minst 3 leiarar. Det er ikkje fastsett felles retningsliner for kven som skal vere reiseleiarar, men det er viktig at dei er ansvarlige vaksne. Hordaland Fylkeskommune tek ansvar for at det er vaksne tilstade frå Hordaland Røde Kors for deltakane på kveld og natt (kl.20:00 – 10:00). Dersom det er reiseleiarar frå kommunen som ønskjer å vere tilstade på kveld og / eller overnatte med deltakarane, vil dette vere mogleg.

Hordaland fylkeskommune vil råde kommunane til å ta kontakt med tidlegare UKM-deltakarar, som no er vaksne, eller vaksne UKM-ambassadørar for å høyre om dei vil vere reiseleiarar. Dette kan vere med og skape meirverdi av festival-opphaldet.

Det vil ikkje følgje med kostnad for reiseleiarar i forbindelse med overnatting fredag til sundag, matsservering, samt billetter til framsyningar, konserter og kunstutstilling.

For å sikre at deltakarane føle seg trygge og komfortable er det viktig at deltakarane veit kven som er deira reiseleiar på dagtid under festivalen. Vi oppmodar kommunane til å arrangere eit sosialt treff i forkant av UKM-festivalen slik at alle får møte kvarandre. Som reiseleiar skal ein være tilgjengelig for sine deltakarar på USF Verftet, dersom dei har spørsmål, eller noko anna skulle oppstå.

Hordaland Fylkeskommune oppmodar at alle lokalarrangørane er tilstade på dagtid under UKM-festivalen i Hordaland.

6. Matsservering og innkvartering

Innkvartering vert fredag **28.april mellom kl.17:00** og 19:00 i Haugeveien 28 (Bergen Tekniske Fagskole). I tillegg til vaksne frå Hordaland Røde Kors, vil fylkeskontakt og produsent overnatte med deltakarane (kl.20:00 – 10:00). Alle som overnattar må ta med seg **sovepose og liggjeunderlag. Reiseleiarar og lokalarrangørar er sjølvstilt velkomne til å overnatte dersom ønskjeleg.**

Middag fredag vert servert i Haugeveien 28 kl.18:30. Laurdag og søndag vert det servert 3 – 4 måltider per dag. Frukost og kveldsmat vert servert på overnattingsstaden (Haugeveien 28).

Det vil være **sekretariat** på USF, same stad som i 2016. I tillegg vil det vere sekretariat og vakt på overnattingsstaden. Det er høve for å oppbevare verdisaker og instrument på bestemte plassar både ved sekretariatet på USF og på overnattingsplassen.

7. Fagpanel

UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass. Deltakerane som vert sendt vidare skal gi eit bilete av kvaliteten, mangfaldet og breidda av kulturaktivitetane blant ungdom i kommunen/fylket. Det er ikkje mogleg å nytte reelle konkurransereglar under UKM. Frå ungdommar har vi fått tydelege tilbakemeldingar om at konkurranseaspektet i UKM må tonast ned.

Juryordninga som var fram til 2015 i UKM Hordaland var noko problematisk ved at det kunne gi eit konkurransepreg. Hordaland Fylkeskommune gjekk difor inn for ei justering av dette i fjor ved å innføre fleire fagpanel som har ansvar for kvar sin kategori. Det vart i 2016 oppretta fagpanel for kategoriane musikk / teater / konferansier / anna, eit fagpanel for dans, fagpanel for litteratur, fagpanel for film, og fagpanel for kunst. Denne ordninga vert vidareført til 2017. Ved at alle deltakerane innan same kategori vert vurdert av eitt fagpanel vert det høve for å sikre at breidda av det unge kulturlivet i fylket vert presentert på landsfestivalen. I tillegg vil fagpanelet skrive ei tilbakemelding til kvar deltakar/gruppe som fylkeskontakten sendar til lokalarrangørane per e-post. Deltakerar frå gruppene Ung Arrangør og UKM Media går gjennom ein nominasjonsprosess.